

Kalkutsleppet til Uskedalselva var eit uhell.

07.03.2019



I ein periode på 2 - 3 timar var Uskedalselva farga kvit i dag. Årsaka var eit uhell ved lossing av kalk på Kalkstasjonen.

I ettermiddag i 16 tida vart det observert at Uskedalselva var kvit. Årsaka måtte vera eit utslepp utan at ein visste årsaka. No er det stadfesta at ved transport og fylling av kalk til Kalkstasjonen, har det skjedd eit ukontrollert utslepp. Tilsynsmann på Kalkstasjonen, Kåre Vetrhus, og leiar i Elveigarlaget, Trond Lekva Myklebust, er informert og kjenner bakgrunnen for uhellet.

Utsleppet av kalk var godt synleg i elva frå Haugland mot elvosen. Med mykje vatn var elva tilbake til det normale innan nokre timar. Det er Fylkesmannen sin miljøavdeling som står for kalking i Uskedalselva. Kalken kjem i bulk og transportøren er godt kjend med tilhøva på plassen i Uskedalen.

Det er usikkert kor store mengder kalk som har rann ut. Det kan vera nær på eit tonn. Med den utvaskinga, som var i dag, er det truleg ikkje påført skade på fisk eller natur.

Utslepp som dette skal til vanleg meldast til Brannvernet. Uskedalen.no kjenner ikkje til om det er gjort.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Informant